

RETTLEIAR FOR BRUK AV UTEROM TIL ARRANGEMENT I KINN KOMMUNE

1. Innleiing

Føremål

Kommunen ønskjer, og er positive til at det vert arrangert ulike arrangement for innbyggjarane. Vi håpar at dette dokumentet kan vere til hjelp for deg som arrangør og at rettleiaren vil:

- Bidra til ein meir heilskapleg og lik praksis av privat og offentlege uterom til arrangement i kommunen.
- Medverke til positiv utvikling av arrangement i kommunen og gje større føreseielege rammer for arrangør.
- Vere et styringsverktøy for administrasjonen og ein praktisk rettleiar for arrangørar.

Virkeområde

Kinn kommune ønskjer at rettleiaren skal vere til hjelp for avvikling av større arrangement. Den gjeld såleis ikkje for mindre sosiale tilstellingar som gatefester og arrangert av velforeiningar, nabolag mm. Politivedtektene er likevel gjeldane.

Rettleiaren gjeld for større utearrangement på privat eller offentlege grunn som driv midlertidig organisert aktivitet. Dette inkluderer festivalar, tivoli, konsertar, førestillingar.

2. Framgangsmåte når du planlegg eit arrangement

Vi oppfordrar arrangør å kontakte kommunen for rettleiing i ein tidleg fase ved alle arrangement.

Det er Park- og grøntavdelinga som er kommunen sin kontakt for bruk av uterom. Avdelinga gjev rettleiing til arrangørar og koordinerer kontakt mellom ulike aktørar internt i kommunen.

Kontaktinfo: Anders Espeset
E-post: Anders.Espeset@kinn.kommune.no
Telefon: 57 75 60 00

Det er viktig å merke seg at sjølv om kommunen godkjenner leige/lån av areal, så er det politiet som gjev løyve til sjølve arrangementet.

Å ha ansvaret for store arrangement er ei omfattande oppgåve. Det er viktig at dei ansvarlege/leinga for arrangementet startar arbeidet med sikkerheit og beredskap tidleg. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap har laga ein eigen [veileder/informasjonsmaterieil for sikkerhet ved store arrangementer](#). Kinn kommune anbefalar arrangørar å sette seg inn i denne og lage gjennomtenkte og gode sikkerhetsrutiner og planar for sitt arrangement.

I tillegg til å kontakte kommunen skal du melde eller søke til følgende instansar:

Medverknad og godt naboskap

Kommunen ønskjer eit godt samarbeid med arrangørar, leigetakarar, bebuarar i sentrum og næraste naboar til byane/tettstadane sine uterom. Arrangør må legge til rette for best mogleg tilgjengelegheit for bebuarar under opprigg, nedrigg og avvikling av arrangement. Informasjon/evt.nabovarsel og tidleg dialog er sentralt i dette arbeidet.

Politiet

Alle som skal gjennomføre eit arrangement i det offentlege rom som er ålment tilgjengeleg må søke eller sende melding i god tid til politiet.

<https://www.politiet.no/tjenester/arrangementer/>

Kontaktinfo til Vest politidistrikt:

E-post: post.vest@politiet.no

Telefon: 02800

Vi viser òg til [Politivedtekt for Kinn kommune.](#)

Brann og sikkerheit

Det er meldeplikt til brannvesenet i kommunen ved store arrangement og festivalar og ein skal i god tid melde frå.

I meldinga må det føreligge dokumentasjon som viser korleis sikkerheita vert ivareteke.

Dersom ein ønskjer å nytte fyrverkeri må det innhentaast løyve frå både brannvesen og politi.

For meir informasjon sjå:

<https://www.dsb.no/brannsikkerhet/brannforebygging/store-arrangementer>

Kontaktinfo til Kinn brann og redning:

E-post: post@kinn.kommune.no

Telefon: 57 75 60 00

Ved arrangement der ein forventar at store folkemengder vert samla, er det ønskeleg å informere legevaktssjef/Helse Førde som vil gjere ei vurdering av om legevaktkapasiteten må aukast opp.

Skjenking av alkohol

Informasjon om skjenkeløyve og søknad finn ein på Kinn kommune si heimeside:

<https://kinn.kommune.no/vare-tenester/naring-og-skatt/alkohol-og-servering/skjenkeloyve/>

Kontaktinformasjon til skjenkebevilling i Kinn kommune:

Kontaktinfo: Bodil Gjerde

E-post: postmottak@kinn.kommune.no

Telefon: 57 75 60 00

Matservering

Servering av mat ved festivalarrangement og messer (salg eller gratis) skal registrerast hos [Mattilsynet.no](https://mattilsynet.no).

Vi oppmodar arrangør om å tenke miljø og nytte mest mogleg artiklar som kan nedbrytast.

3. Generelle reglar ved arrangement

1. Arrangement skal primært vere opne for ålmenta.
2. Arrangør er ansvarleg for å innhente nødvendige løyve for alle forhold som gjeld arrangementet, og/eller gje melding til andre myndigheiter.
3. Vi oppmodar om å ikkje bruke glasflasker. Dersom det er alkoholservering og arrangementet er tilgjengeleg for personar under 18 år skal det vere eigen inngang for denne målgruppa. Det må leggst til rette for eigne røykesoner.
4. All speling av musikk og anna lyd, også innandørs, skal følge anbefalingane i Helsedirektoratet sin veileder IS-0327; www.helsedirektoratet.no/veiledere/musikkanlegg-og-helse. Ved opp- og nedrigg i uterom skal lydanlegg ikkje nyttast utanom lydprøver.
5. Arrangement retta mot ålmenta skal ifølge likestillings- og diskrimineringslovens § 17 tilretteleggast for universell utforming. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2017-06-16-51>. Ledsagerbevis skal akseptast.
6. Det skal leggst til rette for fri ferdsel for utrykkingskøyretøy.
7. Arrangement som krev endring i gjeldande parkeringsbestemmelser, stengde vegar, innskrenking av køyrebane, gang og sykkelveggar eller fortau må avklarast i god tid på førehand. Ein må kontakte vegansvarleg i fylket, eller i den aktuelle delen av Kinn kommune for å få vurdert omfang av stenginga/trafikkreguleringa og behov for å søke.
8. Arrangør skal sjølv dekke kostnadane med å få fjerna utstyr, installasjonar og material frå sentrum/byrommet så snart som råd etter avslutta arrangement. Arrangør er og ansvarleg for at nødvendig reinhald finn stad og at området vert halde reint og ryddig under og etter arrangementet.
9. Dersom eit arrangement vert avlyst, må arrangør underrette alle offentlege instansar om dette så snart som mogleg.

10. Ved arrangement vil kommunen stille vilkår etter alkohollova § 3-2 om tilfredsstillende vakthald. Politiet kan med heimel i lov om vakthold stille strengare krav til vakthold for arrangør enn kva kommunen kan pålegge. Ved publikum på meir enn 1000 personar er arrangør pålagt å leige eit politivaktlag. Ved større arrangement enn dette må ein kontakte politiet for rettleiing om behov for evt utvida vakthald.
Vaktplan: Det skal òg vere eit visst tal profesjonelle vakter.

Referanseliste

- <https://www.dsb.no/produkter-og-forbrukertjenester/forbrukertjenester/store-arrangementer/>
- <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2023-01-23-119>
- <https://www.dsb.no/>
- <https://www.dsb.no/brannsikkerhet/brannforebygging/store-arrangementer>
- <https://www.mattilsynet.no/mat-og-drikke/matservering/trygg-mat-pa-messer-og-festivaler>
- <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/musikkanlegg-og-helse/Musikkanlegg.pdf>
- <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2017-06-16-51>
- <https://www.kristiansand.kommune.no/contentassets/21719e8bfccd4cf3a54de5cc0b1aa91f/bruk-av-offentlig-uterom.pdf>